

A

Kunngjering av årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget 2023: **torsdag 23. februar kl. 19.00**

STYRET

Leiar: Agnar Kvellesdal 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96
agnar.kvellesdal@kvalfolla.net.no

Kassørar: Hånar Nunnestad 92 06 72 63
hannanun@kvalfolla.outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48 (p)
a.r.dale@alfakrøll.admin.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes@kvalfolla.net.no


Kontroll Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) – 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj@kvalfolla.net.no

Kontroll Nordfjordhytta: 45 00 49 33
Dagfinn Aa
dagfinn.aa@online.no

SOGN OG FJORDANELAGET

Leiar: Ingjerd Torsby 913 16 368
sofingjerd@gmail.com

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
#165 Oslo



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNSGATE 22, 0165 OSLO

NR 4 2022

37. ÅRGANG



FOTO: Astrid Fridtun

Her ser me Ragnvald Halset, Agnar Hegrenes og Oddgeir Havn med hove-retten. Og til høgre Andor Gjelsvik og Birger Underdal i hove-rollane..
Fleire smakebitar frå **Sunnfjordhytta helga 5.-6. nov.** på side 3.



FOTO: Astrid Fridtun

Leiaeren – laget satsar på samlingar på hyttene våre; bli med!

Gode medlem!

Takk for året 2022. Aktiviteten i laget har i hovudsak gått føre seg på hyttene, der det har vore både tilskipingar og dugnader. Og det er planar om fleire samkomer og dugnader på hyttene til neste år - sjå nedst på sida.

Årsmøtet i laget vert torsdag 23. februar.

Styret i Bygdelagssamskipnaden **inviterer alle medlemmane i lag i BLS til allmøte onsdag 7. desember kl 18.** Hovudsaka er Framtidas BLS (BLS i dei neste 100 år!). Vi vidare sender innbydinga saman med avisa.

Med von om at pandemi og influensa ikkje skapar for store problem:

God Jul og Godt Nytt År til alle!

Vel møtt i 2023!

Helsing styret v/**Agnar Kvellestad** (leiar)

Aktivitetar på hyttene våren 2023

Vi planlegg arrangement på hyttene **29. januar** på Pustut, **26. februar** på Nordfjordhytta, **26. mars** på Pustut og **30. april** på Nordfjordhytta. Alle er **søndagar**, og vi er der frå i 12-tida. Dei to siste søndagane har vi planlagt litt aktivitetar og kakeservering!

Det vert også **rekeselskap på Nordfjordhytta 20.-21. mai** etter vanleg opplegg. Vi oppmodar medlemmane til å besøkje hyttene desse helgane! Merk av i kalenderen alt no.

Årsmøtet 2023 i Sogn og Fjordanelaget

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo 2023 vert **torsdag 23. februar kl. 18.00** på Møterommet i Bygdelagshuset, Nordahl Bruns gate 22.

Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2022, medlemspengar for 2024, planar og budsjett for 2023, val av til-litsfolk og av utsendingar til årsmøta i Bygdelagssamskipnaden (BLS) og i Det Norske Teatret.

Dersom nokon har andre saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må desse **meldast til styret i laget seinast 26. januar 2023**, anten i e-post til styret (styret@sognogfjordanelaget.no), i brev til Sogn og Fjordanelaget i Oslo, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo, el. i laget si postkasse i Nordahl Bruns g. 22.

Datoar og opplegg for andre arrangement på hyttene vert kunngjorde på nyåret.

I samband med 100-årsjubileet for BLS blir det skipa til **tur til dei fem lagshyttene i Lillomarka 14. mai** ("5 på ein dag"). Pustut er med på dette. Meir i Tre Fj. til våren.

Vi oppmodar medlemmane til å nytte hyttene også utanom dei planlagde helgane.

Vel møtt på hyttene i 2023.

Hyttestyret



I godt lag med **smalahove på Sunnfjordhytta 5. november**; Alv Reidar Dale, Andor Gjelsvik, Hildur Grønhaug, Ellen Karlsen, Berit Gauksrud og Birger Underdal.

FOTO: Astrid Fridtun



God innedag på Pustut **6. november**; Torkjell Sollid, Sigurd Tenold Fridtun, Petter H. Jacobsen, Helga Tenold Fridtun, Dagfinn Aa, Agnar Hegrenes og Oddgeir Havn.

FOTO: Astrid Fridtun